

Saksutredning:

HANDLINGSPLAN FOR RIKSVEGNETTET 2014-2017

Trykte vedlegg:

Utrykte vedlegg:

HØYRINGSUTTALE – HANDLINGSPROGRAMMET FOR RIKSVEGNETTET 2014 – 2017 (23)

1. Bakgrunn

Statens vegvesen Region vest har i brev frå 22.9.2013 sendt utkast til Handlingsprogram 2014 – 2017 (2023)ⁱ på høyring. Handlingsprogrammet er ei konkretisering av første fireårsperiode i Nasjonal transportplan 2014 – 2023, og handlar mykje om fordeling av midlar på programområda. Det er teke atterhald om at Statsbudsjettet for 2014 vil kunna medføra endringar i handlingsprogrammet. Statens vegvesen kjem også til å supplera handlingsprogrammet med utdjupingar og konkretiseringar innanfor einskilde område. Handlingsprogrammet er meint å oppfyllast gjennom dei årlege løyvingane i stasbudsjetta i perioden. Fylkeskommunane er inviterte til å koma med uttalar innan 20.12.2013. Vestlandsrådet sin uttale kjem i tillegg til uttalane frå kvar enkelt fylkeskommune. Handlingsprogrammet for riksvegnettet skal vera ferdigstilt til 1.2.2014.

2. Hovudprioriteringar og økonomiske rammer

Prioriteringane i handlingsprogrammet for 2017 – 2024 er i store trekk gjeve i Nasjonal transportplan. I storbyane skal dei mest miljøvenlege transportformene prioriterast. Veksten i persontransporten skal her takast med kollektivtransport, gange og sykkel. Utanfor byane skal trafikksystemet tilpassast auka trafikk. Det er føresett at persontrafikken nasjonalt aukar med 1,32 pst. kvart år.

ⁱ Sjå: <http://www.vegvesen.no/Om+Statens+vegvesen/Aktuelt/NTP/Handlingsprogram+2014-2017>

Vestlandsrådet

Post	Handlingsprogrammet 2014 - 2017 , utvalde postar i mill. 2014 kr.	2014	2015	2016	2017	Sum
Post 23	Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant og køyretøytilsyn m.m.	9 381	9 609	9 837	10 064	38 891
	23.1 Forvaltning av riks- og fylkesveg	2 060	2 130	2 160	2 200	8 550
	23.6 Drift av riksvegar	3 020	3 060	3 150	3 250	12 480
	23.7 Vedlikehald av riksvegar	2 035	2 153	2 261	2 458	8 907
Post 30	Riksveginvesteringar	10 790	12 687	14 698	16 199	54 374
	30.1 Store prosjekt	6 690	7 442	8 512	8 847	31 491
Programområde	30.4.1 Bymiljøavtalane	0	625	980	1 520	3 125
	30.4.2 Utbetringstiltak	696	574	532	629	2 431
	30.4.3 Tilrettelegging for gåande og syklende	564	598	538	675	2 375
	30.4.4 Trafikktryggleikstiltak	942	1 025	1 172	1 072	4 211
	30.4.5 Miljøtiltak	60	94	118	128	400
	30.4.6 Kollektivtrafikk tiltak og universell utforming	110	132	173	180	595
	30.4.7 Servicetiltak	39	50	75	108	272
	SUM programområde	2 411	3 098	3 588	4 312	13 409
	30.6 Fornyng	356	926	1 281	1 597	4 160
Post 31	Skredsikring riksveg	1 100	848	744	1 030	3 722
	Sum post 23,30 og 31	21 271	23 144	25 279	27 293	96 987

Store investeringsprosjekt som i NTP er føresett skal starta opp i perioden 2014 – 2017, legg SVV inn i handlingsprogrammet med oppstartsløyving i første fireårsperioden.

Post 30 Store prosjekt – på E39

Prioriteringa av ferjefri E39 vert følgd opp gjennom anleggsstart på Rogfast og utbetringar på strekningane mellom fjordkryssingane. Statens vegvesen vil i prosjektet Ferjefri E39 arbeida vidare med forsknings- og utviklingsarbeid for blant anna flytebruer og bruer med ekstremt lange spennvidder. Det er på postane for FoU sett av 100 mill.kr. til å dekkja utviklingskostnader innan prosjektet Ferjefri E39. Det skal også utviklast eit regelverk som grunnlag for gjennomføring av forprosjekt og detaljprosjektering av slike bruer.

Store prosjekt med kostnad over 500 mill.kr. på E39 som vert opna i perioden 2014 – 2017 er:

- E39 Vågsbotn – Hylkje (ferdig 2014)
- E39 Drægebø – Grytås og Birkeland – Sande (ferdig 2016)

Store prosjekt med kostnad over 500 mill.kr. på E39 som vert starta opp i løpet av perioden 2014 – 2017:

- E39 Eiganestunnelen
- E39 Søgne – Lyngdal
- E39 Ålgård – Sandved
- E39 Svegatjørn – Rådal
- E39 Rogfast

Vestlandsrådet

- E39 Bjørset – Skei
- E39 Betna – Vinjeøra - Stormyra

Post 23 Drift og vedlikehold

Det er lagt opp til ei gradvis opptrapping av rammene for drift og vedlikehold (frå 9,4 mrd. kr. i 2014 til 10,1 mrd. kr i 2017) – til saman 38,9 mrd. kr. for åra 2014 – 2017. I handlingsprogrammet for 2010 – 2019 vart det sett av 25,2 mrd. 2010 kr. på denne postenⁱⁱ for perioden 2010 – 2013. Post 23 er ikkje spesifisert på riksveg nivå.

Det er lagt til grunn at veksten i forfallet vil stoppa tidleg i perioden 2014 – 2023. Dagens driftsstandard skal oppretthaldast, medan standarden for vinterdrift, drenering og vegoppmerking vil bli noko høgare. Vedlikehold av tunellar er prioritert innanfor ramma, mellom anna på kostnad av dekkelegging. Tunelloppgradering er prioritert innanfor post 30.6 Fornyng. Statens vegvesen legg til grunn at krava i tunnelforskrifta kan innfriast for tunellane på TEN-T vegnettet (på Vestlandet er E16 og E39 T- TEN vegar) innan utgangen av 2019, men med unnatak for nokre tunellar.

Post 62 og 31 - skredsikring

Tilskott til skredsikring på fylkesvegnettet (Post 62) er i NTP lagt inn med 7682 mill.kr., der det er sett av 2626 mill.kr. i perioden 2014 – 2017. I handlingsprogrammet 2010 – 2019 var summen 5135 mill.2010 kr – med 2054 mill.kr. i perioden 2010 - 2013. Dei enkelte fylkeskommunane utarbeider hausten 2013 forslag til prioritering av skredsikringstiltak på fylkesvegnettet innanfor tildelte planleggingsrammer. I brev frå SVV frå 27.9.2013 framgår det at 1232 mill.kr. dvs. 47% av ramma på 2626 mill.kr. vert fordelt på dei fire Vestlandsfylka.

Til skredsikring på riksvegnettet (Post 31) er det lagt inn 8800 mill.kr. for 2014 – 2023. med 3719 mill.kr i perioden 2014 - 2017. I handlingsprogrammet for 2010 – 2019 vart det lagt inn 5135 mill. 2010 kr., med 2054 mill.kr i perioden 2010 – 2013.

Post 30.4 Programområda

På post 30.4.1 er det i handlingsprogramperioden 2014 - 2017 sett av 3,1 mrd. kr. til bymiljøavtalar innanfor ramma for programområda, som hovudsakleg skal nyttast til kollektivtransport og universell utforming - både i statleg og fylkeskommunal regi. På Vestlandet er det Stavangerregionen og Bergensområdet som er aktuelle byområde for å inngå bymiljøavtalar.

På programområda utbetringstiltak, tilrettelegging for syklende og gåande, miljøtiltak, servicetiltak, kollektivtrafikktiltak og universell utforming er det på E39

ⁱⁱ Sjå:

http://www.vegvesen.no/_attachment/122559/binary/302631?fast_title=Handlingsprogrammet+2010%E2%80%932013.pdf

Vestlandsrådet

sett av til saman 1202 mill.kr. på rute 4a og til saman 296 mill.kr. på rute 4b:

Programområda på E39	Handlingsprogram 2014 – 2017	Handlingsprogram 2010 - 2013
4a Stavanger - Bergen Ålesund	1202	668
4b Ålesund - Trondheim	296	213
SUM:	1498	881

Tala i tabellen ovanfor er ikkje prisjusterte. Likevel syner tala ein vekst i midlar til programområda for riksveg E39 utover prisveksten samanlikna med gjeldande handlingsprogram.

Det er lagt inn 595 mill.kr til kollektivtrafikk og universell utforming for heile landet på post 30.4.6 for perioden 2014 – 2017. Dette er midlar til kollektivtrafikktiltak utanom bymiljøavtalane. 160 mill.kr. er refusjonar til Hordaland fylkeskommune. Trekkjer ein ut refusjonane, er det berre om lag 68 mill.kr. som er sett av til nye kollektivtrafikktiltak på riksvegnettet på Vestlandet. Det utgjør om lag 15% av ramma.

3. Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen viser til det pågår eigne høyringsprosessar i kvart fylke heilt fram mot høyringsfristen, og at fylkeskommunane kan koma til å prioritera ulike prosjekt ulikt. Fylkesrådmannen finn det derfor rimeleg at Vestlandsrådet i uttalen sin ikkje kjem med merknader på tiltaksnivå, men prioriterer å gje nokre overordna og samlande merknader innanfor rammene av den vedtekte NTP 2014 – 2023 og i høve til prioriterte område i Vestlandsrådet - transportplan 2007 – 2019 – Handlingsprogram 2012 – 2015ⁱⁱⁱ, innanfor Statens vegvesen sitt område:

Ferjefri E39

Vestlandsfylka står samla om å prioritera E39, som den trafikale ryggraden for Vestlandet jfr. NTP utalen^{iv} frå 10. mai 2012. Fylkesrådmannen er gjort kjent med at det er tvil om at finansieringa på 100 mill.kr. i perioden 2014 – 2017 er tilstrekkeleg for den naudsynte Fou satsinga i prosjektet Ferjefri e39. For å følgja opp ambisjonane i Nasjonal transportplan om ferjefri E39 innan 20 år, føreset fylkesrådmannen at det i Handlingsprogrammet 2014 – 2017(23) vert sett av tilstrekkeleg med planleggingsmidlar og FoU midlar, og at midlane vert gjeve tidleg i perioden. For å sikra god framdrift i planlegginga er det naudsynt at regjeringa snart vel traséar for dei konseptvalutgreidde fjordkryssingane på E39.

Drift og vedlikehald

Fylkesrådmannen er nøgd med at rammene for drift- og vedlikehald vert trappa opp

ⁱⁱⁱ Sjå http://vestlandsraadet.no/getAttachment?ARTICLE_ID=117&ATTACHMENT_ID=888

^{iv} Sjå: <http://www.hordaland.no/Global/samferdsel/Filer/uttale.pdf>

Vestlandsrådet

og at vedlikehald av tunellar vert prioritert. Godt vedlikehaldne tunellar er heilt avgjerande for sikker framkome og for tryggleiken til dei reisande. Samla kostnad for å fjerna forfallet og å gjera tilhøyrande oppgraderinger av tunellane på riksvegnettet vart i rapporten «Hva vil det koste å fjerne forfallet på riksvegnettet?»^v, frå februar 2012, rekna til å vera 6,9 mrd. i Region vest. I tillegg kjem Møre og Romsdal sin andel av 1,6 mrd. kr., som er behovet i Region midt. Fylkesrådmannen legg til grunn at tunellane på riksvegane på Vestlandet får høg prioritet i handlingsprogrammet 2014 – 2017(23), med grunnlag i dei store påviste behova som er på Vestlandet.

Skredsikring

Fylkesrådmannen er nøgd med at det i Nasjonal transportplan 2014 – 2023 vert satsa på skredsikring – tilsaman 16,5 mrd. i 10 års peridoen. Vestlandsrådet har nedfelt i Transportplan 2007 – 2019 – Handlingsprogram 2012 – 2015 eit krav på minst 2 mrd. kr. årleg. Behova på Vestlandet er svært store. Det må prioriterast meir midlar til skredsikring av vegane på Vestlandet, innanfor den samla satsinga på skredsikring.

Kollektivtrafikk utanom bymiljøavtalane

Kollektivinfrastruktur er viktig når ein skal leggja til rette for samanhengande og heilskaplege regionale kolkketivtilbod. For å oppnå nasjonale målsetjingar om miljøvenleg transport må kollektivtrafikken si konkurransekraft sikrast. Fylkesrådmannen meiner at staten i langt større grad må bidra med midlar til kollektivinfrastruktur på riksvegnettet på Vestlandet, i tillegg til satsinga innanfor bymiljøavtalane, enn det er lagt opp til i handlingsprogrammet.

Forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet føreset at Statens vegvesen i Handlingsprogrammet 2014 – 2017 set av tilstrekkeleg med planleggingsmidlar og FoU midlar til prosjektet ferjefri E39, og at midlane vert gjeve tidleg i perioden. For å sikra god framdrift i planlegginga er det naudsynt at regjeringa snart vel traséar for dei konseptvalutgreidde fjordkryssingane på E39.
2. Vestlandsrådet sluttar seg til prioriteringa av vedlikehald og oppgraderinga av tunellar på Vestlandet. Vestlandsrådet føreset at tunellane på riksvegane på Vestlandet får høg prioritet i Handlingsprogrammet 2014 – 2017, med grunnlag i dei store påviste behova som er på Vestlandet.
3. Vestlandsrådet er nøgd med at det i Nasjonal transportplan 2014 – 2023 vert satsa på skredsikring. Men behova for skredsikring på Vestlandet er svært

^v Sjå: http://www.ntp.dep.no/S%C3%B8k/_attachment/501410/binary/812586?_ts=13ff637fdc0

Vestlandsrådet

store. Det må prioriterast meir midlar til skredsikring av vegane på Vestlandet, innanfor den samla satsinga på skredsikring.

4. Kollektivinfrastruktur er viktig når ein skal leggja til rette for samanhengande og heilskapelege regionale kolkktivtilbod. For å oppnå nasjonale målsetjingar om miljøvenleg transport må kollektivtrafikken si konkurransekraft sikrast. Staten må derfor i langt større grad bidra med midlar til kollektivinfrastruktur på riksvegnettet på Vestlandet, i tillegg til satsinga innanfor bymiljøavtalane, enn det er lagt opp til i handlingsprogrammet.

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.